

Interpellasjon frå Ap, Høgre, KrF og FrP.

Frå partia nevnt ovanfor vert det bedt om at Kvam heradsstyre gjennom interpellasjon tek opp til behandling og vedtek fylgjande:

Kvam herad betaler ut 3.500 kr som ein eingangsum for juni månad i 2023 til dei som får innvilga sosialhjelp denne månaden. Omlag totalbeløp vert ca 350.000 kr. Finansiering : Disp.fond – ekstra kraftinntekter

Bakgrunn: Fortsatt høge kostnader på mange ting gjer att familiar og einslege som mottek sosialhjelp har ein svært anstrengt økonomi. For å avhjelpa dette noko vil me nytta av heradet sitt overskot til å letta på dei økonomiske utfordringane til denne gruppa med ei eingangsutbetaling.